

MELAND KOMMUNE



07 FEB. 2014

Jnr. _____ Saksh. _____
 Ark. _____ Ark.del _____
 Saksid. _____

Til brukarstøttene for

- Brønnøysundregistrene/Altinn
- HelseNorge
- Lånekassen
- NAV
- Skatteopplysningen
- Statens Pensjonskasse
- Samordna opptak
- Kommunane v/ servicetorget

Endring i forvaltningslova og eForvaltningsforskrifta inneber at kommunikasjon på nett skal vere hovudregelen for stat og kommune. Brukarstøtte for ID-porten (tlf. 800 30 300) vert brukarstøtte for kontaktregisteret og reservasjonsregisteret

Stortinget har vedtatt endringar i forvaltningslova som gjer digital kommunikasjon til hovudregelen når forvaltninga kommuniserer med innbyggjarar og næringsdrivande. Det vil og bli vedtatt endringar i eForvaltningsforskrifta som legg til rette for dette. Grunngevinga for endringane i regelverket er å gi innbyggjarane ein enklare kvardag og å bidra til forenkling, forbetring og fornying av forvaltninga. Regelendringane er venta å tre i kraft 7. februar 2014 og då gjeld følgjande:

- **Konsekvensar for kommunikasjon med innbyggjarar:** Digital kommunikasjon er hovudregelen for kommunikasjon med innbyggjarane, men innbyggjarane har rett til å reservere seg mot å få vedtak og andre viktige brev digitalt. Det vert etablert eit felles register over innbyggjarane sin digitale kontaklinformasjon og reservasjonsstatus. Frå det tidspunktet eit forvaltningsorgan har kopla seg opp til dette registeret, kan det kommunisere digitalt med alle innbyggjarar som ikkje har reservert seg, utan å innhente samtykke. Forvaltninga kan ta registeret over digital kontaklinformasjon og reservasjon i bruk frå juni 2014. Frå 1. januar 2016 er det obligatorisk for alle statlege verksemder og kommunar å bruke dette registeret.
- **Konsekvensar for kommunikasjon med einingar registrert i Einingsregisteret:** Forvaltninga kan kommunisere digitalt med næringsdrivande, frivillige organisasjonar og andre einingar registrert i Einingsregisteret, utan å innhente samtykke. Varsling om at enkeltvedtak osv. er fatta, og om kvar og korleis mottakaren kan skaffe seg kunnskap om innhaldet, skal skje til ei oppdatert elektronisk adresse som verksemda har oppgitt.

Når forskrifta er vedtatt, sender Kommunal- og moderniseringsdepartementet ut eit informasjonsskriv til forvaltninga, medan Difi legg ut informasjon til innbyggjarane om kommunikasjon på nett, kontaktregisteret og retten til reservasjon på www.norge.no.

ID-porten brukarstøtte (tlf. 800 30 300) vil rettleie brukarane både om kontaktregisteret og reservasjonsretten. Men også andre brukarstøtter kan få spørsmål, og difor sender vi ut denne orienteringa.

Nytt kontaktregister er avhengig av korrekte opplysingar

Regelendringane gir heimel for å etablere eit nytt felles kontaktregister over innbyggjarane sine e-postadresser og mobilnummer. Det noverande kontaktregisteret til ID-porten skal vere utgangspunktet for det nye registeret, og her har over 3 millionar innbyggjarar registrert mobilnummeret sitt og e-postadressa si.

For innbyggjarar som vel å reservere seg, vil status «reservert» gå fram i registeret.

Kontaktregisteret skal brukast av forvaltninga (avsendarverksemda) til å gjere oppslag for å sjekke reservasjonsstatusen til innbyggjaren. Dette er for å få tilgang til innbyggjaren si registrerte e-postadresse og mobilnummer. E-postadressa eller mobilnummeret vil bli brukt til varsling når viktige brev vert sendt digitalt. Kontaktinformasjonen kan også bli brukt til å sende servicemeldingar og informasjon som er eigna til å bli sendt direkte på ordinær e-post eller på SMS.

Forvaltninga kan ta i bruk kontaktregisteret frå juni 2014. Frå forvaltningsorganet har kopla seg opp til dette registeret, kan det kommunisere digitalt med alle innbyggjarar som ikkje har reservert seg, utan å innhente samtykke. Det er obligatorisk for alle statlege verksemdar og kommunar å bruke registeret frå 1.1.2016.

Innbyggjarane oppdaterer sjølve kontaktinformasjonen sin. Når alle offentlege verksemdar har tatt i bruk registeret, treng innbyggjaren berre å oppdatere han på éin stad. Oppdateringa kan skje når innbyggjarane brukar innlogging med ID-porten til ei offentleg teneste, eller dei kan logge inn frå www.norge.no. Det er altså like viktig at rett varslingsadresse er registrert i kontaktregisteret, som at rett bustadadresse er registrert i folkeregisteret.

Reservasjon

Dei som ynskjer å reservere seg mot å få vedtak og viktige brev digitalt, kan gjere det ved å skrive inn fødselsnummeret sitt i reservasjonsløysinga frå www.norge.no, eller dei kan ringe ID-porten si brukarstøtte på tlf. 800 30 300. Dersom innbyggjaren har status «reservert», blir breva sende på papir, og dei kjem seinare fram enn om mottakaren loggar seg inn og ser brevet straks det er sendt. Innbyggjarar som reserverer seg mot kommunikasjon (brev) på nett, kan framleis bruke innloggingstenester frå det offentlege via ID-porten, og dei kan motta servicemeldingar.

Det er mogeleg å reservere seg når som helst, og det blir enkelt å oppheve reservasjonen. Opphevinga kan skje ved inngang frå www.norge.no. Det kan og bli gjort når som helst.

Dersom ein innbyggjar ynskjer å slette kontaktinformasjonen sin, må vedkomande skrive til Direktoratet for Forvaltning og IKT, Skrivarvegen 2, 6863 Leikanger. Difi treng fødselsnummeret og signatur. Den som er sletta, vil ikkje kunne få servicemeldingar og informasjon frå offentlig sektor på e-post eller SMS.

Samordna informasjon mot innbyggjarane

Det er viktig å informere innbyggjarane om den overgangen som no skjer frå papirbasert til digital kommunikasjon. Generell informasjon om regelverksendringane og kva dei betyr for den enkelte finn ein på www.norge.no. Dette vert publiserte når regelendringane trer i kraft. Innbyggjarar som ønskjer rettleiing, vert oppfordra til å ringe brukarstøtta til ID-porten på telefon 800 30 300.

I skrivet som går frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til forvaltninga, vil det bli understreka at dersom den enkelte verksemda ønskjer å informere eigne brukarar, så bør dette skje ved å lenke til www.norge.no.

Ny bruk av e-postadresser og mobilnummer frå ID-portens kontaktregister utløyser informasjonsplikt. Difi skal informere alle dei registrerte om ny bruk av deira kontaktinformasjon i løpet av våren. Informasjon blir gitt ved innlogging til ei offentleg teneste via ID-porten, og brukaren blir samtidig oppfordra til å bekrefte eller oppdatere sin kontaktinformasjon. Dei innbyggjarane som ikkje vert nådd gjennom dette tiltaket, vil bli kontakta på SMS og e-post med kortfatta informasjon om endringane og viste til www.norge.no. Når dette informasjonsløpet er gjennomført i juni 2014, kan verksemdene kople seg opp til kontaktregisteret og kommunisere digitalt med alle innbyggjarar som ikkje har reservert seg, utan å innhente samtykke.

Tidsplan

- 10. februar 2014: Informasjon til innbyggjarane vert lagt ut på www.norge.no
- I juni 2014 kan kontaktregisteret bli tatt i bruk av verksemdene. Skatteetaten legg opp til å bruke kontaktregisteret ved utsending av skatteoppgjeret.
- I november lanserer Difi sikker digital postteneste som alle offentlege verksemdar kan bruke til å sende brev digitalt til innbyggjarane.
- Frå 01.01.2016 er det obligatorisk for alle offentlege instansar å bruke kontaktregisteret til varsling når viktige brev vert sendt digitalt .

Leikanger, 4. februar 2014

Direktoratet for forvaltning og IKT Difi


Hege Feet Askvik
seksjonssjef

Kontaktinformasjon:

ID-porten brukarstøtte

800 30 300

brukerstotte@difi.no

Opningstid: måndag– fredag kl. 08.00–15.30

Ved spørsmål utanom opningstida vår: send e-post til brukerstotte@difi.no. E-postar vert behandla innan neste arbeidsdag.